



INNKJØPSSTRATEGI FOR SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

1. Innleiing

Denne innkjøpsstrategien gjev dei overordna føringane for korleis Sogn og Fjordane fylkeskommunen sine innkjøp av varer, tenester, bygg og anlegg skal utførast.

Innkjøpsstrategien skal ta utgangspunkt i fylkeskommune sine overordna mål. Av desse er følgjande relevante:

- Ta vare på og vidareutvikle fylket sine felles interesser
- Vere ein aktiv regional utviklingsaktør og samarbeidspart
- Sikre kvaliteten på tenestene med høg etisk og fagleg standard
- Det skal takast omsyn til universell utforming i heile den fylkeskommunale verksemda

Lovgrunnlaget for arbeidet er Lov om offentlige anskaffelser med tilhøyrande forskrifter. Norsk lovgiving er basert på EUs innkjøpsdirektiv.

Hovudmålet med arbeidet skal vere i samsvar med føremålsparagrafen i «Lov om offentlige anskaffelser» § 1:

«Loven skal fremme effektiv bruk av samfunnets ressurser. Den skal også bidra til at det offentlige opptre med integritet, slik at allmennheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenlig måte.»

2. Hovudmål for innkjøpsarbeidet i Sogn og Fjordane fylkeskommune

- Alt innkjøpsarbeid skal utførast i samsvar med dei til einkvar tid gjeldande lover, reglar og politiske vedtak.
- Innkjøpsarbeidet skal vere i samsvar med fylkeskommunen sine vedtekne etiske prinsipp og verdigrunnlag.
- Fylkeskommunen skal gjennom samarbeid både lokalt og regionalt utnytte at vi er ein stor aktør som andre offentlege partar kan dra nytte av.
- Fylkeskommunen skal gjennom samarbeid med kommunane og næringslivet heve deira konkurransevne.
- Fylkeskommunen skal gjennom sine avtalar syte for gode prisar og kvalitet.
- Fylkeskommunen skal leggje vekt på miljø, menneskerettar, arbeidsvilkår og andre samfunnsomsyn i sine anskaffingar. Desse vilkåra skal òg gjelde for underleverandørane og innleige som er involvert.
- Fylkeskommunen skal leggje til rette for grønne og innovative innkjøp.



- Fylkeskommunen skal gjennom innkjøpa sine leggje vekt på bruk og stimulering til bruk av nynorsk.

3. Strategi for innkjøpsarbeidet

Strategien har fire perspektiv

i. For å sikre gode innkjøp skal fylkeskommunen

- ha høg kompetanse innanfor innkjøpsfaget
- oppnå gode avtalar gjennom gode innkjøpsprosessar
- arbeide for auka kompetanse for offentlege innkjøp i fylket
- sikre lojalitet til inngåtte rammeavtalar
- ha gode oppfølgingsrutinar av inngåtte avtalar

ii. For å sikre krav til miljø, menneskerettar og andre samfunnsomsyn skal fylkeskommunen

- stille relevante krav til universell utforming i alle innkjøp
- stille krav til grunnleggjande menneskerettar i relevante innkjøp
- ved behovsvurdering av ein eventuell anskaffing, skal klima og miljøomsyn vere sentrale vurderingspunkt
- stille gode miljø- og klimakrav til ytingar i alle innkjøp der dette er tenleg
- stille krav til strategi for å redusere bruk av plast/emballasje i relevante innkjøp
- stille krav knytt til sosial dumping i relevante innkjøp

iii. Samarbeid med andre offentlege etatar

- Sogn og Fjordane fylkeskommune felles innkjøp (SFFI) er eit samarbeid som skal bidra til å auke medlemmane sin innkjøpsfaglege kompetanse.
- Fylkeskommunen skal vidareutvikle samarbeidet innanfor SFFI.

iv. Leverandørutvikling

- Fylkeskommunen skal nytte utviklingskontraktar ved kjøp der dette er relevant.
- Nytt ein kjøpsstrategi som også passar små- og mellomstore bedrifter i fylket.
- Ved rammeavtalar stille krav om god distribusjon i fylket.
- I relevante innkjøp stille krav om at leverandør er lærebedrift og skal kunne tilby lærlingplassar.

Vedtatt av fylkestinget 19.10.2018

